

I førre veke kunne vi lese i BT at elevane ved Nordahl Grieg vidaregåande skule har kravd papirbøkene attende. Inntrykket som vart skapt var at den digitale satsinga til skulen er vorte parkert.

Kritiske journalistar og digitale pedagogar

DIGITALE LÆREMIDDEL



Medievitar Joachim Laberg og Ph.d Arve Aksnes, lærarar ved Nordahl Grieg vgs.

LAT DET VERE heilt klart: Som faglærarar på den aktuelle skulen, kjenner vi oss ikkje att i BTs framstilling av denne saka. Vår digitale satsing lever i beste velgåande. Men det er ikkje hovudpoenget no. I denne kronikken vil vi heller retta fokus mot den kritiske journalistikken som BT representerer gjennom artikkelen «Elevene krevde papirbøker tilbake». Dette er ein journalistikk vi i utgangspunktet ønskjer velkommen.

Det er nemleg særskilt viktig at journalistar følgjer med på det som skjer i utdanningssektoren, og har eit kritisk lys på oss lærarar og skuleleiingar. I ei tid med krise i Europa og eit usikkert landskap, er det viktig at vi gjev ungdommane i dag den beste utdanninga for framtida.

Men sjølv om vi applauderer den kritiske journalistikken, finn vi det underleg at den konkrete handsaminga nok ein gong ser ut til å springa ut frå ei teknologiskeptisk ståstad knytt til bruk av digitale verkøy i skuleverket. Dekninga avslører nemleg ei teknologisk mediefrykt som er særskilt overraskande i ei tid med enorm entusiasme elles.

DET SKJER EI omfattande digitalisering i dagens samfunn, og særleg sosiale medier vert ofte halde fram som ein viktig suksessfaktor for både kommersielle og politiske aktørar. Årets E-handelsrapport frå Posten og Bring melder at 89 prosent av nordmenn over 18 år handlar på nett. Å kunne beherske data sjåast dessutan på som ein basisferdighet på linje med lese- og talforståing, og mogleghetene for offentlig deltaking gjennom sosiale medier blir ofte omtalt som eit demokratiserande fenomen. Professor Morten Dæhlen ved Institutt for informatikk, Universitetet i Oslo, har uttalt at «avhengigheten av digital teknologi er nærmast blitt total. Der- som den bryt saman, bryt også samfunnet saman». Å stilla kritiske spørsmål om det digitale samfunnet som sådan, er interessant. Men journalistikken er likevel sjeldan opptatt av slike spørsmål, og det er vanskeleg å finna handsaming på fenomenivå. Vi opplever likevel at handsaming av det digitale samfunnet ber preg av ei haldning om at dette er noko sjølvsga og riktig. Men unntak av skulesystemet då. Kva er greia med det konservative skulesynet?

DISKUSJONEN OM skule og digitale verkøy bør løftast opp frå skytargrava og vekk frå ein tekno-



SATSING: Om den digitale satsinga er vellukka eller mislukka, blir eit spørsmål for framtida, skriv kronikkforfattarane i denne kronikken.

ARKIVFOTO: ØRJAN DEISZ

logideterministisk tankegang om at kvalitet er avhengig av det mediet ein brukar. Mediet er ikkje irrelevant, men undervisning er meir kompleks enn som så. Og vi vil ikkje stå på sidelinja i den digitale tidsalder. Sjølv om vi er ein skule. Vi vil i staden ha ein debatt om tilgangen på digitale verkøy. Om forskning og formidling. Om artiklar i pdf-format. Dette er eit bidrag til denne debatten, og vår synspunkt er: gje oss meir digitalt fagstoff. Skal kritisk journalistikk på dette området vera meir enn berre påtatt maktkritikk, bør den altså handla om meir enn einskildskular. Om meir enn spørsmål om vellukka/mislukka pedagogikk. Ein klarar det på andre område. Skulen bør ikkje vera eit unntak.

Misforstå oss ikkje. Også vi ser at kritisk journalistikk er viktig demokratisk sett, og riktig journalistisk sett. Også på einskildskulenivå. Men kritikken må vera haldbar. Elevane våre har ikkje klagd på skulens satsing. Dei har

peika på faglege utfordringar som både handlar om ressursar og metodar, og vi har etterkomme ønska der vi føler dei har vore fornuftige, slik vi lit på at andre skular også gjer det. Dette har ikkje gått føre seg som eit elevvar mot leinga-fenomenet, men som ryddige professor. Det har heller ikkje skjedd over natta, slik ein kan få inntrykk av gjennom BTs artikkel.

Klarer det har vore usemje. Klarer vi har endra oss undervegs. Men vi har heller aldri hevda at vi skal vera heildigitale. Fagleiar Margrethe Tveisme, som har ansvaret for den digitale satsinga ved skulen, sa følgjande til Fanaposten 12 oktober 2010: «Det viktige spørsmålet for oss er ikkje om vi skal ha bøker eller ikkje. Det viktige er å ha det beste fagstoffet til emnet til kvar ein tid.» Digitale verkøy og læremiddel er altså ein del av pakken, men som me tillet oss å vektlegga fordi me meiner dei er viktige.

VED NORDAHL GRIEG vidaregåande

skule er læringsomgrepet nemleg forankra i ei sosiokulturell forståing av ordet. Kort fortalt handlar dette om at ein lærar saman med andre. Den digitale utviklinga har opna opp ei reke nye arenaer for samhandling, og gjennom internett kjem verda inn i klasserommet. Næringslivet «skrik» etter ungdommar som har «endringskompetanse». Ved Nordahl Grieg vgs. er denne type kompetanse nedfelt i eit eiga temaområde kjent som «entreprenørskap». Dette handlar om at vi vil gje elevane kompetanse i samarbeid, problemløysing, fleksibilitet, forestillingsevne, nyskaping, kreativitet og endringsevne. For oss betyr dette at nye idear og ny teknologi må prøvas ut. Einkvar som ønskjer å sjå, er med dette velkommen til skulen vår på synfaring.

Men ei slikt satsing krev at ein må navigera i det nye og ukjende. Den raske utviklinga, med nye dingsar og forventningar om nye lesemetar, kommunikasjonsformer og tekstar, er ei skodde som er vanskeleg å gripa om. Både for dei som alltid må ha den siste dingsen og føler seg

digitalt hyperkompetente, og dei ser på fenomenet med meir skeptiske auge.

ME KAN FORSTÅ behovet for tydelege konklusjonar i denne skodda. Ei samtid som overlèt samtidig forståing til historiekaren må vera ein pessimistisk tid. Likevel meiner vi at diskusjonen om digitale læremiddel i skulen ikkje kan handla om sluttresultata no. Om den digitale satsinga er vellukka eller mislukka, blir eit spørsmål for framtida. Ein må gjerne stilla spørsmålet som utgangspunkt for skulekritikk, men då blir det for oss freistande å stilla følgjande spørsmål attende: Har BT (eller andre media) det siste tiåret nokon gong retta eit kritisk søkelys mot dei skulane som nektar å ta inn over seg den teknologiske utviklinga? Drivast det kritisk journalistikk mot dei tradisjonelle «papirboksulane»?

«Elevene ba om PC, og det fikk de – Boksolen er eit mislykket prosjekt» er ei overskrift vi i så høve gjerne skulle ha sett.